

Notat

Til: Fylkesutvalet, 31.mai 2018

Frå: Fylkesrådmannen

Opplæringskontoret offentlig sektor (OKOS)- Orientering om framlegg til ny organisasjonsform

Innleiing

Styret i OKOS har i notat dagsett 15.desember 2017 (ESA 16/9268-2) bede om fylkesrådmannen sitt syn på framtidig drift og organisering av OKOS. For OKOS er utgangspunktet:

- Ei regionalisering i Sogn og Fjordane, der regionale og tverrfaglege opplæringskontor aukar sitt engasjement.
- Ei endring i kommunestrukturen, der det så langt er uvisst kva større kommuneeiningar vil ønskje av tenester
- Regionreforma med samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland frå 2020

Fylkesrådmannen har i notat dagsett 10.april d.å. (ESA 16/9268-3) gitt styret i OKOS ei tilråding om val av organisasjonsform. Notatet vart handsama av styret i OKOS 3.mai d.å. der følgjande vedtak vart gjort:

*«Styret syner til utgreiing frå fylkesrådmannen og vil tilrå at OKOS vert organisert som eit samvirkeforetak eller som ei foreining.
Framtidig organisering for OKOS vert sett på saklista til styre sitt møte med medlemsbedriftene i 2. halvår 2018.
Styret har som målsetjing at vedtak om framtidig organisering av OKOS skal gjerast i 1. halvår 2019.»*

Assisterande fylkesrådmann deltok i dette styremøtet

Bakgrunn for saka

Ved Reform 94 vart lærlingordninga utvida, og ordninga skulle bli ein del av det vidaregåande opplæringsssystemet. Eitt av verkemidla var opplæringskontora. Dersom bedrifter går saman på denne måten er det opplæringskontoret som får status som lærebedrift etter lova, bedriftene vert kalla medlemsbedrifter. Opplæringskontoret er ifølgje utdanningsdirektoratet ei eiga juridisk eining, og det er opplæringskontoret som inngår kontrakt med lærlingen/lærekandidaten, medan medlemsbedrifta har arbeidsgjeveransvaret. Opplæringskontoret må ha føresegner som fastset tilhøvet mellom kontoret og medlemsbedriftene jf. opplæringslova (oppl.) § 4-3.

I forarbeida til opplæringslova (Ot.prp. nr. 46 (1997-1998)) punkt 21.5 uttaler departementet dette:

«Utkastet frå utvalet til godkjeningsregel for lærebedrifter kan gi eit inntrykk av at samarbeidsavtalane i form av opplæringsring eller opplæringskontor er det same som samanslutning av bedriftene. Departementet viser til at eit opplæringskontor er eit organ for samarbeid mellom bedrifter om opplæring, der det blir skipa ein ny juridisk person som er kontraktspart for lærlingane. Arbeidsgivaransvaret ligg i den enkelte bedrifta der lærlingen er plassert».

Det er også føreset i ei rettleiing frå Utdanningsdirektoratet (sist endra 18. mai 2016) at opplæringskontoret er ei eiga juridisk eining.

Opplæringslova har vore endra ein rekke gonger. Den største endringa i § 4-3 vart gjennomført i 2007. Mellom anna vart det stilt tydelegare krav til godkjenning av lærebedrift og til arbeidet med opplæring. Det er ikkje uttala ved endringane at ein har gått vekk frå føresetnaden om at opplæringskontora skal vere eige rettssubjekt.

Kjeldene tyder etter dette på at eit opplæringskontor skal vere ei eiga juridisk eining, sjølv om dette ikkje kjem til uttrykk i lova. OKOS Sogn og Fjordane må difor organiserast som ei eiga juridisk eining.

Fylkeskommunen vurderte ei omorganisering av OKOS allereie i 2005 (arkivsak 05/01553). Den gongen skreiv sakshandsamar dette om organiseringa: «Det viser seg no at OKOS ikkje er organisert i samsvar med opplæringslova § 4-3 som føreset at eit opplæringskontor skal vere eit eige rettssubjekt. Dette er ikkje uttrykkeleg sagt i lova, men er omtala i forarbeida og i kommentarutgåver til opplæringslova. Dersom OKOS skal vere eit eige rettssubjekt kan det ikkje vere ein del av den fylkeskommunale verksemda». Organiseringa vart ikkje endra i 2005 fordi det var venta moglege endringar i opplæringslova (jf. avsnitt over om lovendringa i 2007).

Fylkesrådmannen si tilråding om val av organisasjonsform

I notat dagsett 10.april d.å. vurderer fylkesrådmannen fire alternativ:

- 1) Aksjeselskap
- 2) Stifting
- 3) Samvirkeføretak
- 4) Foreining

Av desse blir aksjeselskap og stifting ikkje tilrådd fordi dette er organisasjonsformer som blir vurdert som lite egna sett i høve til dei oppgåvene som eit opplæringskontor har.

Fylkesrådmannen rår styret i OKOS til å vurdere samvirkeføretak eller foreining med slik argumentasjon:

- Det er føreset i forarbeida til opplæringslova og hos Utdanningsdirektoratet at opplæringskontora skal vere eige juridiske einingar. Det er difor naudsynt å organisere OKOS slik at det ikkje lenger er ein del av verksemda til fylkeskommunen.
- Både aksjeselskap og stiftingar er organisasjonsformer som vil vere lite fleksible løysingar for opplæringskontoret.
- Dei aller fleste opplæringskontora er organisert som foreiningar og det er ingen prinsipielle motførestillingar mot at OKOS vert organisert slik. Ettersom foreiningar ikkje er regulert i lov, er det viktig å ha eit medvite forhold til innhaldet i vedtektene. Det vil ikkje vere aktuelt å utbetale eventuelle overskot tilbake til medlemmane.
- Fyller organisasjonen derimot vilkåra for å vere eit samvirkeføretak er ein nøydd til å bruke denne organisasjonsforma. Samvirkelova er tilpassa situasjonar der fleire aktørar utøver verksemd retta mot eit felles føremål, og vil difor kunne passe bra for OKOS. Lova regulerer dei viktige tilhøva, samtidig som ho gir høve til å tilpasse vedtektene etter behov.

Fylkesrådmannen vil bistå OKOS ved behov i den vidare prosessen.

Dette til fylkesutvalet si førebelse orientering.